


# Da ikkje-krigen vart verdskrig

Bind 3 av «Norge i krig» fortel om hendingane som førte til at ikkje-krigen blei til Andre verdskrig gjennom åtak på Sovjetunionen 22. juni 1941, på USA i Pearl Harbor 7. desember. Også i dette bindet fortel fotografi på glimrande visuell mate meir enn vi kunne lese i historiebøker for tjuefem år sidan. Dette er resultatet av at fotokunsten blir utnyttet maksimalt i dette verket, slik vi også har sett domme på tidligare i nyare historieverk.

## Baker

SVEIN BLINDHEIM



NICOLAI VIIH

Bilda visualiserer sider ved krigs- og okkupasjonshistoria som til no har lege skjult i arkiv og private album. Tyske soldatar er hovudleverandørar, men også NS-arkiv og frontkjemparar hjelper til. Bilda kastar, om ikkje nytta lys, sa i allfall eit anna lys og perspektiv over krigen og okkupasjonshvardagen. Kanskje er fargebilda spesielt gode. Endleg har aftsats historikarane tilpassa seg den rivande utviklinga i fotokunsten, lat oss seie, dei sist femti åra. Det kan ein kalle ein bilderevolusjon. Likevel, ordet er framleis viktigast.

Let mot Norge – noko som i praksis fekk katastrofalt følgje: 3. april: *Følgjene av dette synet, med oppledninga lengst nord i Norge, er enno ikkje dekkja skikkelseg i norsk historieskriving.*

Med åtaket 22. juni 1941 blei lufta reinska, nytta hap blei tent, sjølv om generalane og andre forstasgepaarar spadde Tyskland siger i løpet av nokre få månader. Krigen var slutt, skreiv norske frontkjemparar heim til Norge på ettersommaren, og reflekterte synet til den tyske krigsleidunga. Engelske og andre forstasgepaarar hevda stort sett same synet.

NS-folk hadde alt eksponert seg, men no hoppa etterkvart majoritetene av folket ned fra gjerdet dei hadde sete på til no. Haldningskamp på det stille hadde vi nok hatt for. Men først no kan vi beskjedent byrje å snakke om motstandskamp. Egentleg ikkje mot tyskarane, men i alle fall mot NS.

### Redusert glansbilde?

Boka gar grundig inn på korleis åtaket i juni 1941 skjedde over norsk territorium. Åtaket

under general Dietl for å ta Murmansk. Ikkje aldrin sjølv om dei, slik frontkjemparar fortel, kunne høyre larmen fra toga langt i aust når vinden stod imot. Ein kunne onskt sterkeare fokusering på verknaden av indoctrineringa i avisene, Aftenposten t.d., og ikkje berre i okkupasjonstida, men av langtidsvinsten som blei innhausta no etter ti-års paverknad. Fritt Folk er uinteressant i denne sammenheng. Men dette kapitlet kjem kanskje seinare?

Boka gir den tyske gjennomsnittssoldaten godt skussmål. Terboven og SS-politiapparatet derimot er ei anna sak. Terboven står att som ein tarveleg fyr. Han regjerte hardt, men ikkje ekstra hardt. Alt er relativt i denne sammenhengen. Greve samanliknar t.d. styringa av Norge og Nederland, og her kjenner den favoriserte stoda til Norge klat fram.

Dei norske jødene gjekk det likevel ikkje så godt ned, og det blir sagt i klartekst at det var «gode» nordmenn som angav og arresterte dei. Eg undrast ikkje; polititenestemenn i alle land star så ment til teneste for kven som heist etter oppskriften «ordre er ordre». Sjølv om rakkaranane atsa ikkje var NS, og følgjeleg gjekk fri ved det sakalla landssvikoppgjøret, burde Greve ikkje ha vore til dei grader varsam med detaljopplysningane.

På den andre sida er eg glad for at han tonar ned den til no alltfor heroiserande framstillinga av alle som ikkje var NS. Pa sikt bidrar bind 3 kanskje til at «Look to Norway»-glansbilden blir retusjert til rimelegare storleik.

### Vendepunktet

Nar forfattaren spekulerer pa

kva som var vendepunktet i krigen, aitent åtaket på Sovjetunionen, nederlaget ved Stalingrad, eller «om kanskje noen vil nevne den vestalierte invasjonen i Frankrike» 6. juni 1944, er eg mindre i tvil. *Vendepunktet var åtaket i aust juni 1941. All seinastes same året, då åtaket stogga opp framfor Moskva, og da Leningrad heller ikkje fall, var det klart at Tyskland aldri kunne vinne over Sovjetunionen.*

Men framleis var det fleire mogeligheter for kva sluttresultatet kunne bli. *Med Stalingrad og dei mange slaga som går under namnet Kursk slaget, var det eit spørsmål om kor lenge Tyskland kunne halde ut. Tyskland var dømt til undergang lenge før landgangen i Normandie, og Storbritannia og USA sitt bidrag til sluttsgeneren i Europa var heller magert.*

Mange frontkjemparar blei drivne av idealisme, seier Greve. Det er uvanlege tonar i Norge. 4894 av dei fekk eit hardt oppgjør etter 9. mai 1945. Kvar femte blei drepen, og fleire enn vanleg blei sara. 13 Rauda Kross-søstre blei også drepte; dei som vende heim fekk harde dommar (i strid med folkeretten, min, SBs merknad).

Raids på norskekysten blir godt dekkja, utan dei vanlege helteadiktiva. Boka får godt fram kor feil tyskarane likevel vurderte sjansane for åtak over havet mot kysten vår, og korleis kreftene deira følgjeleg blei brukte til inga nytte. Konvoifarten til Murmansk og Nordsjøtrafikken mellom Shetland og Norge har fatt plass. Sjølv reisa rundt jorda for å komme til England og melde seg til frivillig teneste, blir omtalt under overskrifta «Hele kloden rundt». Bå-

de her, og andre stader, er det skeivheter og småmangler i framstillinga.

### Nøktern og påliteleg

Skal du forstå hendingar og straumdrag i tida, må du ha kjennskap til vår felles fortid. På grunn av den storpolitiske todelinga av verda sidan 1945 – for inngang vedkommande siden bolsjevikrevolusjonen i 1917 – må vi sjå på USA og Sovjetunionen i sant historisk perspektiv. Sanninga føringen ved å lese t.d. Aftenpostens daglege indoctrinatingsjournalistikk og dose av kald krig. Tvert om bidrar den nemnde avis og legio andre til å vedlikehalde og semmentere endå fastare myter og legender på godt, representert ved USA, og vondt, det vil seie Sovjetunionen. Resultatet er at folk sit fastlåst i eit på mange måtar uhistorisk perspektiv med omsyn til vår eiga tid. Litt kan bind 3 medverke til å bote på dette.

Sjølv om det er detaljar i boka eg er usamnd i, er ho stort sett påliteleg, nøktern, sakleg og fri for tabloide vurderingar. Å samanlikne med bind 1 og 2 er både urettferdig og umogleg. Generelt kan ein kanskje seie at ho i allfall er meir tradisjonsbunden enn spesielt boket til Grimnes, som delvis delvis omvurderde skuld og ansvar for 9. april og det sviande nederlaget, men som korkje fekk med heile premisset for 9. april, som er skjemd av ein del skeivskap, og som heller ikkje trekte konklusjonen tilstrekkeleg langt nok i motsettelei av det som har vore vanleg i fortsem.

*Tim Greve:*

«Verdenskrig»

Bind 3 av «Norge i krig»

Aschehoug, 1985

### Lufta reinska

Eitt hovudpunkt hos Greve er at Norges krigs- og okkupasjonshistorie er ein integrert del av den store krigen, og at hendingene i vårt land var resultatet av reflekterte situasjonen på dei store slagmarkane. Kanskje får han ikkje godt nok fram den fundamentale endringa i folk flest sitt syn på krig og okkupasjon etter 22. juni 1941. For åtaket på Sovjetunionen var utsiktet heilmorke, etterpå kunne ein skjinte lys langt, langt borte, sjølv om dei første vekene var ei påfreisting. Sidan veneskaps- og ikkje-takspakta mellom Tyskland og Sovjetunionen i august 1939, enda sterkeare frå og med Vinterkrigen i Finland, hadde kommuniststaten i aust vore eintydig framstilt som trugsma-

Dens forrunde! Blindeheim børste retur opp.

### STORTINGET

#### Renholdsbetjenter

Daglig arbeidstid 4½ time fra kl. 06.00. Arbeidstøy holdes. Stillingene er lønnet i lønnstrinn 7 – 15 i Statens lønnsregulativ, p.t. kr. 53.421 – 70.378, samt lønnstrinn 3 på tilleggssregulativet, p.t. kr. 4.105 pr. år. Avlonningen er avhengig av tidligere relevant praksis. Omsorgsbarde regnes med etter gjeldende regler. Fra lønnen trekkes 2 % innskudd til Statens pensjonskasse. For stillingene gjelder ½ års prøvetid.

Nærmore opplysninger fas ved henvendelse til husokonom Ingrid Stofan eller assistenteren husokonom Mette Mæland, tlf. 31 36 60 eller 31 36 61 mellom kl. 10.00 – 15.00.

Soknad vedlagt kopier av attestar og vitnemål sendes til Stortingets administrasjon, Karl Johansgt. 22, 0026 Oslo 1, innen 30/1-86.